



MØTEPROTOKOLL

Utval: Formannskapet
Møtedato: 19.10.2017
Møtetid: Kl. 15:00 - 19:35
Møtestad: Kommunehuset

Av 9 medlemmer møtte 9, inkludert varamedlemmer.

Medlemmer møtte:	Parti:
Øystese, Olaug Karin	A
Frøland, Knut Harald	BL
Tveit, Lena	BL
Haga, Odd Arne	FRP
Røen, Arild	H
Aasgaard, Inge	KRF
Røen, Øyvind	SP
Tjønna, Monica	SP

Desse medlemene møtte ikkje:	Parti:	I staden møtte:	Parti:
Aadland, Nils	A	Strømmen, Øyvind	MDG BL

Møtenotater:

Monica Tjønna møtte kl. 16.45.

Andre som var til stades på møtet:

- Rådmann Charlotte Hageberg
- Assisterande rådmann Hilde-Lill Våge (i første del av møtet)
- Sektorleiar organisasjon Jan Erik Boge

Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:

Tysse, 24.10.2017

Frøland, Knut Harald
ordførar

Boge, Jan Erik
sektorleiar organisasjon

Desse sakene vart handsama:

Sakliste

Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
038/2017	17/952	Faste saker	
039/2017	17/759	Overføring av vigselfmyndede til Samnanger kommune	
040/2017	15/878	Godtgjersle til politisk valde i 2018	
041/2017	11/333	Utbetring av veg til Éconmusée Fjordtønna	
042/2017	11/117	Høyringsuttale - Forslag til investeringsprogram for fylkesvegsnettet	

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

19.10.2017 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Godkjenning av innkalling og sakliste:

Det vart kommentert at det vart sendt ut to tilleggssaker kort tid før møtet og at den siste tilleggssaka var ikkje lagt ut i Folkevaldportalen på internett. Jan Erik Boge orienterte om at årsaka til at den siste tilleggssaka ikkje var lagt ut på internett, var problem med kommunen si redigeringsløsning for heimesida onsdag 18.10.2017. Olaug Øystese (Ap) bad om at tilleggssaker i framtida vert lagt ut i Folkevaldportalen i det same dokumentet som dei opprinnelege sakene. Med desse merknadane vart innkallinga og saklista godkjent.

Delegerte vedtak/referatsaker:

Avgjerd i Høgsterett - anke i Statnettsaka - ordførar Knut Harald Frøland (BL) orienterte kort om kva dommen gjeld.

Eigedomsskatt verk og bruk - orientering frå ordførar Knut Harald Frøland (BL) om sannsynleg tap i skatteinntekter knytt til Samnangervassdraget på grunn av endringar i justeringsnøklar. Sannsynleg årleg inntektstap ser pr. i dag ut til å bli 600.000 - 700.000 kroner. Odd Arne Haga (FRP) spurde om kommunen har vurdert å få vurdert saka av ein uavhengig jurist.

Sjukefråværsstatistikk januar-september 2017 - sjukefråværet i kommunen i denne perioden var 7,41%. Rådmann Charlotte Hageberg orienterte om at det skal startast opp eit nærværsprosjekt i kommunen, som mellom anna vil ha som målsetting å redusera sjukefråværet.

Økonomi-/statusrapport frå BedreStyring pr. september 2017 - rådmann Charlotte Hageberg og assisterande rådmann Hilde-Lill Våge orienterte kort om status. Det ser ut til at kommunen kan få eit driftsoverskot i 2017. Ein av medlemmene i formannskapet hadde ikkje fått tilsendt rapporten på e-post.

Statsbudsjettet 2018 - rådmann Charlotte Hageberg orienterte om at administrasjonen førebels ikkje har fått sett detaljert på framlegget til statsbudsjett.

Innstilling frå NVE om minstevassføring i Samnangervassdraget - orientering frå ordførar Knut Harald Frøland (BL).

Orientering om tilsetjing av biblioteksjef - rådmann Charlotte Hageberg og assisterande rådmann Hilde-Lill Våge orienterte om saka. Rådmannen orienterte også om arbeid knytt til kvalitetssikring av kommunen sine tilsetjingsrutinar.

Sal av prestebustad - møtet vart lukka under denne orienteringa med heimel i kommunelova §31.5. Assisterande rådmann Hilde-Lill Våge orienterte om at sak om sal av kommunale eigedomar kjem opp på neste møte i formannskapet. I denne saka vil også sal av prestebustaden bli teke opp.

Administrasjonen vart bedt om å sjekka opp/avklara ulike forhold knytt til eventuelt sal av prestebustaden til neste møte.

Idrettshall - møtet vart lukka under denne orienteringa med heimel i kommunelova §31.5. Orientering frå ordførar Knut Harald Frøland (BL).

Prosjekt FossenBratte - orientering frå Knut Harald Frøland (BL). Kommunen har søkt om tilskotsmidlar.

Overordna ROS - assisterande rådmann Hilde-Lill Våge orienterte om status for dette arbeidet, som kommunen har fått pålegg om. Delar av arbeidet er allereie gjort som del av arbeidet med arealdelen av kommuneplanen. Det står likevel att ein god del arbeid, og dette vil bli prioritert dei neste månadane.

Mellombels drift bufellesskapet - assisterande rådmann Hilde-Lill Våge orienterte om arbeidet med utlysing av totalentreprise for nytt bufellesskap. Arbeidet er ca. 4 veker forsinka p.g.a. sjukdom hos ekstern konsulent. Bortsett frå denne forsinkinga er arbeidet i rute. Dette gjeld også arbeidet med planlegging og oppstart av mellombels bufellesskapsdrift i sjukeheimsbygget.

Nytt delegeringsreglement - sektorleiar Jan Erik Boge orienterte om at dette arbeidet vil bli prioritert etter nyttår, med målsetting om at forslag til nytt delegeringsreglement skal leggjast fram for kommunestyret i løpet av første halvår 2018 (truleg i juni).

Tiltak klimaplan, klimabudsjett og Energisparekontrakt (EPC) - assisterande rådmann Hilde-Lill Våge orienterte om status. Administrasjonen har ikkje hatt kapasitet til å arbeida med desse sakene, men reknar med å få gjort det i 2018. Øyvind Strømmen (MDG) etterlyste status på tiltaka i den gjeldande klimaplanen.

Status veg Rolvsvåg industriområde - assisterande rådmann Hilde-Lill Våge orienterte. Det er gjennomført forhandlingar med tilbydaren som hadde det lågaste tilbodet. I forhandlingane er tilbodet redusert noko, til kr. 6.112.500. Det må no takast stilling til om konkurransen skal gåast vidare med, eller om den skal avlysast på grunn av at kostnaden er for stor. Formannskapet bad om at saka kjem tilbake til kommunestyret.

Frivilligsentral - ordførar Knut Harald Frøland (BL) orienterte om at kommunen har fått innvilga årleg tilskot på 392.000 kroner til kommunal frivilligsentral i perioden 2018 -2020. Etter 2020 vil tilskotet truleg bli trappa gradvis ned. Rådmann Charlotte Hageberg orienterte om at det vil bli tilsett kommunal leiar/koordinator i 50% stilling.

KVU om Hordalandsdiagonalen - orientering frå ordførar Knut Harald Frøland (BL). Han orienterte også om arbeid knytt til Kvamskogtunnel, rassikring i Tokagjelet m.m. Han utfordra formannskapet til ein diskusjon om Samnanger bør arbeida for å få Hordalandsdiagonalen gjennom Samnanger. Formannskapet slutta seg til å få dette temaet opp som sak på neste møte.

Nyutløtrævegen, brev frå Asbjørn Moss - formannskapet diskuterte om det er aktuelt for kommunen å ta opp att denne saka. Formannskapet bad om å få opp eiga sak om Nyutløtrævegen. Odd Arne Haga (FRP) viste til vedtak i kommunestyret om at kommunen skal kvitta seg med nokre vegstubbar kommunal veg, og spurde om status. Administrasjonen fekk i oppgåve å undersøka dette.

Stenging av inngangspartiet på kommunehuset - orientering frå rådmann Charlotte Hageberg og sektorleiar Jan Erik Boge.

Forhandlingsrom løn assisterende rådmann - møtet vart lukka under denne diskusjonen, med heimel i kommunelova §31.5.

Utvalet sitt kvarter:

Miljøportal på Bjørkheim - Inge Aasgaard (KRF) spurde om status. Administrasjonen vart bedt om å undersøkje dette til neste møte.

Utvida opningstid symjehallen - Odd Arne Haga (FRP) viste til vedtak i kommunestyret om midlar til utvida opningstid i symjehallen, og spurde om status. Administrasjonen fekk i oppgåve å undersøkje dette til neste møte.

Interkommunalt samarbeid/interkommunale avtalar - Øyvind Strømmen (MDG) viste til den planlagte samanslåinga av Os og Fusa, og spurde om Samnanger er involvert med tanke på planlegging knytt til landbrukskontoret. Ordførar Knut Harald Frøland (BL) svara. Det vart vidare stilt spørsmål om nokre noverande avtalar med Fusa og/eller Os må reforhandlast, for eksempel avtalen om interkommunal legevakt. Administrasjonen fekk i oppgåve å sjå på dette til neste møte.

PPT - orientering frå rådmann Charlotte Hageberg om ønske om å etablera eiga ordning i Samnanger. Olaug Øystese (Ap) sette fram ønske om å få dette opp til politisk behandling. Formannskapet slutta seg til ønsket til Olaug Øystese og administrasjonen fekk i oppgåve å leggja fram sak om PPT for politisk nivå i kommunen.

Kommunestyremøte 16.11.2017 - ordførar Knut Harald Frøland (BL) orienterte om at han ikkje vert med på kommunestyremøtet 16.11.2017, og at varaordførar Øyvind Røen (SP) derfor vert møteleiar.

FORM- 038/2017 Vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

SAKNR. 039/2017: Overføring av vigselmynde til Samnanger kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I tillegg til ordføraren og varaordføraren, får rådmann Charlotte Hageberg vigselmynde i Samnanger kommune med verknad frå 01.01.2018, med heimel i ekteskapslova § 12 punkt b.

Ordføraren skal normalt gjennomføra kommunale vigslar i Samnanger. Varaordføraren er vikar for ordføraren. Rådmannen skal berre gjennomføra vigslar dersom brudeparet ikkje ønskjer å bli vigsla av ein folkevald, d.v.s. at dei ønskjer å bli vigsla av ein person som er «politisk nøytral».

Kommunale vigslar i Samanger skal normalt haldast på kommunehuset eller på Samnangerheimen. Ordføraren får saman med rådmannen fullmakt til å bestemma kva rom som skal brukast til vigslar. Dersom brudeparet ønskjer at vigselen skal haldast annan stad enn på kommunehuset eller på Samnangerheimen, må ordføraren ta stilling til om ønsket skal oppfyllest. Eventuelle ekstrakostnader for kommunen i slike tilfelle må dekkast av brudeparet.

Kommunale vigslar i Samnanger skal normalt gjennomførast på vekedagar, i opningstida på kommunehuset. Dersom brudeparet ønskjer at vigselen skal haldast på anna tidspunkt enn dette, må ordføraren ta stilling til om ønsket skal oppfyllest. Eventuelle ekstrakostnader for kommunen i slike tilfelle må dekkast av brudeparet.

Ordføraren får fullmakt til å ta avgjerd dersom det kjem førespurnader om kommunal vigsel i Samnanger frå andre personar enn dei som kommunen etter § 12 a i ekteskapslova pliktar å ha slikt tilbod til. For slike vigslar må brudeparet betala eit gebyr, som skal dekkja kommunen sine kostnader.

Ved kommunale vigslar i Samnanger skal teksten i det lovbestemte borgarlege vigselforumlaret nyttast. Det vert opna for at seremonien kan tilpassast med musikk dersom brudeparet ønskjer dette. Ordføraren må ta stilling til slike ønske. Eventuelle kostnader knytt til musikalske innslag må dekkast av brudeparet.

Rådmannen får fullmakt til å utarbeida detaljerte rutinar for kommunale vigslar i Samnanger.

19.10.2017 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Øyvind Strømmen (MDG) sette fram tilleggsframlegg om at biblioteket på Bjørkheim vert lagt inn som lokale for vigslar i tillegg til kommunehuset og storstova på Samnangerheimen. Med dette tillegget vart rådmannen sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

FORM- 039/2017 Vedtak:

I tillegg til ordføraren og varaordføraren, får rådmann Charlotte Hageberg vigselformynding i Samnanger kommune med verknad frå 01.01.2018, med heimel i ekteskapslova § 12 punkt b.

Ordføraren skal normalt gjennomføra kommunale vigslar i Samnanger. Varaordføraren er vikar for ordføraren. Rådmannen skal berre gjennomføra vigslar dersom brudeparet ikkje ønskjer å bli vigsla av ein folkevald, d.v.s. at dei ønskjer å bli vigsla av ein person som er «politisk nøytral».

Kommunale vigslar i Samanger skal normalt haldast på kommunehuset, Samnangerheimen eller biblioteket på Bjørkheim. Ordføraren får saman med rådmannen fullmakt til å bestemma kva rom som skal brukast til vigslar. Dersom brudeparet ønskjer at vigselen skal haldast annan stad enn på kommunehuset, Samnangerheimen eller biblioteket på Bjørkheim, må ordføraren ta stilling til om ønsket skal oppfyllest. Eventuelle ekstrakostnader for kommunen i slike tilfelle må dekkast av brudeparet.

Kommunale vigslar i Samnanger skal normalt gjennomførast på vekedagar, i opningstida på kommunehuset. Dersom brudeparet ønskjer at vigselen skal haldast på anna tidspunkt enn dette, må ordføraren ta stilling til om ønsket skal oppfyllest. Eventuelle ekstrakostnader for kommunen i slike tilfelle må dekkast av brudeparet.

Ordføraren får fullmakt til å ta avgjerd dersom det kjem førespurnader om kommunal vigsel i Samnanger frå andre personar enn dei som kommunen etter § 12 a i ekteskapslova pliktar å ha slikt tilbod til. For slike vigslar må brudeparet betala eit gebyr, som skal dekkja kommunen sine kostnader.

Ved kommunale vigslar i Samnanger skal teksten i det lovbestemte borgarlege vigselsforumlaret nyttast. Det vert opna for at seremonien kan tilpassast med musikk dersom brudeparet ønskjer dette. Ordføraren må ta stilling til slike ønske. Eventuelle kostnader knytt til musikalske innslag må dekkast av brudeparet.

Rådmannen får fullmakt til å utarbeida detaljerte rutinar for kommunale vigslar i Samnanger.

SAKNR. 040/2017: Godtgjersle til politisk valde i 2018

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding frå rådmannen.

19.10.2017 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Administrasjonen hadde til møtet henta inn informasjon om godtgjersle for folkevalde i nokre av nabokommunane. Det vart innleiingsvis i saka orientert om kva godtgjersle desse kommunane har.

Øyvind Røen (SP) sette fram følgjande framlegg:

"Ordførargodtgjersla vert endra til 80% av godtgjersla til stortingsrepresentantane.

Opptappingsplan over 2 år. 50% av differansen skal hentast inn 1. januar 2018 og resten 1. januar 2019. Ordførargodtgjersla skal etter dette regulerast 1. januar kvart år."

Arild Røen (H) sette fram følgjande framlegg:

"Som Øyvind Røen sitt framlegg, men utan opptappingsplan over 2 år. I tillegg vert varaordførargodtgjersla auka til 6% av ordførargodtgjersla og møtegodtgjersla til folkevalde til 3% av ordførargodtgjersla."

Monica Tjønnå (SP) sette fram følgjande framlegg:

"Som Arild Røen sitt framlegg, men møtegodtgjersla til folkevalde vert auka til 2% av ordførargodtgjersla".

Odd Arne Haga (FRP) sette fram følgjande framlegg:

"Som Arild Røen sitt framlegg, men møtegodtgjersla til folkevalde skal framleis vera 1% av ordførargodtgjersla".

Etter å ha debattert saka vidare trekte Øyvind Røen, Arild Røen og Odd Arne Haga framlegga sine. Formannskapet slutta seg samrøystes til Monica Tjønnå sitt framlegg til vedtak.

FORM- 040/2017 Vedtak:

Ordførargodtgjersla vert endra til 80% av godtgjersla til stortingsrepresentantane med verknad frå 01.01.2018. Ordførargodtgjersla skal etter dette regulerast 1. januar kvart år.

Varaordførargodtgjersla vert endra til 6% av ordførargodtgjersla med verknad frå 01.01.2018.

Møtegodtgjersla til folkevalde vert endra til 2% av ordførargodtgjersla med verknad frå 01.01.2018."

SAKNR. 041/2017: Utbetring av veg til Éconmusée Fjordtønna

Ordførar sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune løyver inntil kr. 50.000 eks. mva. til innleiande prosjekteringsarbeider til utbetring av veg til Fjordtønna. Det skal i prosjekteringsfase vere dialog med Hordaland Fylkeskommune om muligheit til medfinansiering av eventuelt vidare prosjekteringsarbeider og fysisk utbetring av veg opp til Éconmusée Fjordtønna.

19.10.2017 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Øyvind Strømme (MDG) bad om at det vert teke inn i vedtaksframlegget korleis ei eventuell løyving skal finansierast. Ordførar Knut Harald Frøland (BL) slutta seg til dette, og orienterte om at det vert lagt til i vedtaksframlegget hans at løyvinga skal finansierast frå disposisjonsfondet.

Monica Tjønnå (SP) sette fram framlegg om at saka vert oversendt til kommunestyret utan tilråding, og om at saka kjem opp i neste kommunestyremøte. Ho bad også om at det til neste kommunestyremøte blir gjort ei meir utfyllande saksutgreiing, der det mellom anna vert avklart kva plikter kommunen har knytt til vegen til Éconmusée Fjordtønna.

Olaug Øystese (AP) sette fram framlegg om å utsetja saka. Det vart røysta over utsetjingsframlegget, som fekk 1 røyst (Olaug Øystese).

Olaug Øystese (AP) bad om gruppemøte.

Etter gruppemøtet sette Øyvind Røen (SP) fram følgjande fellesframlegg frå SP og AP:
"Som framlegget frå ordføraren + administrasjonen legg i kommunestyret i desember fram ei juridisk vurdering av kva kommunen har forplikta seg til når det gjeld denne vegen".

Odd Arne Haga (FRP) sette fram følgjande tilleggssframlegg:

"Foreslår i tillegg at veien vidare oppover blir vurdert visuelt med tanke på sikkerhet med en tilleggssramme på kr. 10.000".

Det vart røysta punktvis over framlegga.

Det vart røysta punktvis over framlegga. Både framlegget til ordføraren, framlegget til SP og AP og framlegget til Odd Arne Haga vart samrøystes vedteke.

FORM- 041/2017 Vedtak:

Samnanger kommune løyver inntil kr. 50.000 eks. mva. til innleiande prosjekteringsarbeider til utbetring av veg til Fjordtønna. Det skal i prosjekteringsfase vere dialog med Hordaland Fylkeskommune om muligheit til medfinansiering av eventuelt vidare prosjekteringsarbeider og fysisk utbetring av veg opp til Éconmusée Fjordtønna. Løyvinga vert finansiert av disposisjonsfondet.

Administrasjonen legg i kommunestyret i desember fram ei juridisk vurdering av kva kommunen har forplikta seg til når det gjeld denne vegen.

Vegen vidare oppover blir vurdert med tanke på sikkerheit med ei tilleggsramme på kr. 10.000.

SAKNR. 042/2017: Høyringsuttale - Forslag til investeringsprogram for fylkesvegsnett

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Uttale til «Forslag til investeringsprogram for fylkesvegnett» vært sendt som skildra i saken.

19.10.2017 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Sektorleiar Jan Erik Boge orienterte kort om bakgrunnen for saka.

Inge Aasgaard (KRF) sette fram følgjande framlegg til tillegg til uttaleteksten:

"Fylkesveg 7 er omkjøringsveg for E 16. Dette fører til sterk auke i belastninga på sterkningane i kommunen. Det medfører auka trafikale farer, særskild for mjuke trafikantar på strekningane."

Odd Arne Haga (FRP) sette fram framlegg om at det vert teke inn i uttalen ønske om midlar til planlegging av samanhengande gang- og sykkelveg frå Tysse til Gjerde. Etter at formannskapet hadde debattert saka vidare, trekte Odd Arne Haga framlegget sitt.

Det var semje i formannskapet om at tiltaka i uttalen står i prioritert rekkefølge.

Formannskapet bad administrasjonen om å setja inn ein sum (kostnad) på punkt 1 i uttalen.

Formannskapet stilte spørsmål til det nest siste avsnittet i rådmannen sitt framlegg til uttale, om fylkeskommunal medfinansiering. Spørsmålet gjaldt om alle dei tre ønska prosjekta berre blir forventa å verta delfinansierte av fylkeskommunen, eller om nokon av dei blir forventa å verta fullfinansierte av fylkeskommunen.

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak, med tillegg av Inge Aasgaard sitt framlegg til tilleggstekst og dei presiseringane som er nemnde ovanfor.

Formannskapet gav rådmannen fullmakt til å gjera nødvendige justeringar i ordlyden før uttalen blir sendt til fylkeskommunen.

FORM- 042/2017 Vedtak:

Uttale til «Forslag til investeringsprogram for fylkesvegnett» vert sendt som skildra i saka, med dei tillegga/presiseringane som er vedtekne av formannskapet.